

Reglement for Fellesnemnda

Fellesnemnda for Øygarden, Sund og Fjell kommunar er av dei tre kommunestyra tillagt følgjande arbeidsoppgåver, mynde og ansvar:

- Vidareføra arbeidet med å etablera ein ny kommune frå 01.01.2020 i samsvar med Intensjonsavtalen og Inndelingslova.
- Etablera arbeidsutval, underutval, arbeidsgrupper og eventuelle andre fellesorgan etter behov, for å sikra gjennomføringa av prosessen med etableringa av ny kommune.
- Disponera eingongsstønaden frå Staten.
- Delta i partsamansett utval.
- Halde kommunestyra laupande orientert om sitt arbeid.
- Ha ansvar for tilsetting av ny rådmann, ny administrativ leining og anna personale i den nye kommunen.
- Fungera som arbeidsgjevar for prosjektleiaren, og prioritera eit tett og nært samarbeid med vedkomande.
- Gjera vedtak om sekretariatsfunksjonen for kontrollutvalet i den nye kommunen etter innstilling frå kontrollutvala i dei tre kommunane.
- Ivareta tilsette og tillitsvalde si medverknad i samanslåinga.
- Ta stilling til revisjonsordning for den nye kommunen. Herunder tilsette ny revisor. Tilsetting av revisor skal skje på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala i dei tre kommunane.
- Etterspørja og avklara alle prinsipielle tilhøve i prosessen.
- Kunna drøfta og uttala seg i saker som er til handsaming i kommunane sine ordinære utval, særleg der desse har prinsipielle eller økonomiske konsekvensar.
- Førebu budsjett/ gjennomføra budsjettprosessen for 2020 og økonomiplan 2020-23.
- Førebu arbeidet med planstrategi for ny kommuneplan med samfunnsdel og arealdel for den nye kommunen.

- **Organisera arbeidet med kommunevalet i 2019, og fungera som valstyre i den samanheng.**
- **Utarbeida og vedta budsjett for Fellesnemnda sitt arbeid med å byggja den nye kommunen, med utgangspunkt i motteke eingongsstønad frå staten.**
- **Fellesnemnda har ikkje mynde til å ta opp lån på vegner av kommunane.**
